

Reguleringsplan

Fv. 55 Bru over Esefjorden

Arealplan-ID 46401401_20190103

Reguleringsføresegner

Revidert etter
merknadshandsaming



SOGNDAL KOMMUNE

Reguleringsføresegner for:

Fv. 55 bru over Esefjorden

Planid. 46401401_20190103

1. Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanen er å regulere areal til ny bru over Esefjorden som eit skredsikringsprosjekt. Prosjektet skal bidra til betre trafikkisikkerheit, framkomst og å redusere avstandskostnader. Det blir lagt betre til rette for gåande og syklande, det vil bli betre tilkomst til Esefjorden, og det vil gje gode turmoglegheiter langs eks. veg rundt Esefjorden.

Planen har to vertikalnivå: 2) På grunnen og 3) Over grunnen (bru).

Planen sin avgrensing er vist på teikning R001 – R003. Plangrensa er synt på teikningane. Føresegnene gjeld for dei områda som ligg innanfor plangrensa.

2. Fellesføresegner for heile planområdet**2.1 Samfunnstryggleik (§ 12-7 nr. 1, 2, 4)****2.1.1 Klimatilpassing**

Bekkelukkingar, bekkeomleggingar, bekkegjennomføringar, innløpskonstruksjonar og stikkrenner skal dimensjonast for vassføringar tilsvarande 200-års flaum eller 200-års nedbørsintensitet, med tilrådd tryggleiksmargin (klimafaktor).

2.2 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)**2.2.1 Støy**

- Grenseverdiane gitt i tabell 2 i Klima og miljøverndepartementet si Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, skal leggest til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. For støykjenslege bygg som i støyutgreiing får høgare støynivå enn tilrådde grenseverdier i tabell 2 skal det gjennomførast tiltak som skjerming ved vegen, lokal skjerming av uteoppfallsareal på eigedomen og / eller fasadetiltak som sikrar at grenseverdiane vert oppnådd.
- For støy frå bygge- og anleggsverksemd skal grenseverdier gitt i T-1442/2021 kapittel 6, tabell 4 og 5, gjelde. Ved overskridingar av grenseverdiane skal det varslast og gjennomførast avbøtande tiltak i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6.3 og tilhøyrande rettleiar M-2061 eller tilsvarande.

2.3 Funksjons- og kvalitetskrav (§ 12-7 nr. 4)**2.3.1 Estetisk utforming**

- Alle tiltak skal gjennomførast med omsyn til estetisk godt uttrykk. Dette gjeld i forhold til anlegget i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og naturgjevne og bygde omgjevnader.
- Ved detaljplanlegging og bygging av brua skal det leggest vekt på god estetisk utforming. Brua skal i minst mogleg grad opplevast som ein barriere i landskapsrommet. Brua skal vere nedtona og underordne seg landskapet. Eit enkelt utsiktspunkt kan vurderast. Det må da innpassast godt arkitektonisk mot utforming av brua, slik at brua framleis vil opplevast som nedtona og underordnar seg landskapet elles.
- Brua skal ha horisontalkurvatur. Det skal vere samsvar mellom horisontal- og vertikalkurvatur, slik at høgbrekk ligg på om lag same stad som horisontalkurve. Seglingsløpet skal liggje ved brua sitt høgbrekk.
- Alle terrenginngrep skal skje mest mogleg varsamt i høve til omgjevnadene. Det skal leggest vekt på terrengutforming og løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande terreng og vegetasjon.
- Grøfter og fyllingar, samt areal mellom køyreveg og gang- og sykkelveg skal såast til eller gis overflate med god estetisk utforming.
- Terrengmurar og støttemurar skal ha ei heilskapleg utforming og førast opp i naturstein så langt som mogleg.

2.3.2 Terrenghandsaming

- Det øvste jordlaget som vert teke bort i linja, skal handsamast og mellomlagrast i rankar. Jorda skal så langt som mogleg nyttast på flater som skal revegeterast innanfor veganlegget. Ved utlegging av nytt vegetasjonsdekke skal det så langt som mogleg nyttast stadeigne massar.
- Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert bygd ned skal sikrast vidare bruk primært til jordbruksføre mål innanfor planområdet. Lagring og/eller bruk av jorda utanfor planområdet må avklarast med kommunen.
- Framande skadelege artar innanfor tiltaksområdet skal handterast i tråd med gjeldande forskrift for framande artar. Framande skadelege artar som er lokalisert nærare anleggsområdet enn 10 meter skal vurderast av fagkyndig.

2.4 Verneverdiar for kulturmiljø (§ 12-7 nr. 6)**2.4.1 Automatisk freda kulturminne**

Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planperioden vert oppdaga automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast straks og regional kulturmynde skal varslast, sjå lov om kulturminne §8, 2.ledd.

2.5 Byggegrenser langs offentleg veg (§ 12-7 nr. 2)

Der byggegrenser ikkje er vist på plankartet, gjeld reglane i veglova. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, inkludert bygg som inngår i samferdselsanlegget, kan etablerast innanfor byggegrense vist til i veglova.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Bustad (B)

- a. Bustader skal ha saltak, mansardtak, valmtak eller halvvalmtak.
- b. Maksimal byggehøgde er den same som er etablert i dag
- c. Bustader skal nytte fargebruk tilpassa området og husets byggestil som til dømes raudt, oker og kvitt.
- d. Påbygg og tilbygg skal ha ein arkitektonisk utforming tilpassa husets arkitektur og tidsepoke. Påbygg og tilbygg skal vere underordna eksisterande bustad.
- e. Utnyttingsgrad er 30 % BYA for kvar eigedom.
- f. Naust kan byggast opp igjen eller restaurerast til same storleik som eksisterande naust.
- g. Naust skal ha saltak.
- h. Naust skal ha trekledning. Vindauge og dørar skal og vere i tre.
- i. Fargebruk på dører, vindauge, beslag skal vere harmonisk og historisk forankra i det verneverdige naustmiljøet.
- j. Naust skal ha raud farge.
- k. Naust skal ikkje innreist til varig opphald.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Fellesføresegner (§ 12-7)

- a. Vegar og køyrevegar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet og etter godkjente tekniske planer. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor hovudformålet.
- b. Avkøyrslar er vist på plankartet. Det er ikkje høve til å opparbeide andre avkøyrslar enn dei som er vist i plankart.
- c. Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gitt av vegstyresmakt.

3.2.2 Juridiske linjer (§§ 12-7 nr. 1 og 4)

- a. Frisiktlinjer er vist i plankart. Om køyrevegar blir justert, jf. pkt. 3.2.1 a, skal frisiktlinjene tilpassast justerte vegar.

3.2.3 Køyreveg, SKV

- a. Veg f_SKV3 er felles tilkomst for eigedomane 310/114, 310/111, 310/115 og 310/393.

3.2.4 Gang- og sykkelveg, SGS

Dette er gang- og sykkelveg på begge sider av brua over Esefjorden.

3.2.5 Gangveg, SGG

Dette er gangareal knytt til ei av busslommene nord for Esefjorden.

3.2.6 Annan veggrunn – grøntareal, SVG

- a. Innanfor areal sett av til anna veggrunn - grøntareal kan det plasserast grøfter, skjeringar, fyllingar, landkar for bru, støttemurar, veglys, skilt, rekkverk og gjerder, støyskjermer og liknande. Plassering skal ivareta siktlinjer og andre tekniske krav.
- b. Mindre avvik i omfanget av «Annan veggrunn» kan skje som følgje av uføresette tilhøve. Det kan føre til at areal som skal disponerast til vegformål kan bli noko mindre enn det som går fram av formåls-grensene i planen. Areal som ikkje vert disponert til vegformål vil bli nytta til tilstøytande formål.
- c. Ved eventuell endring av grensa mot areal o_GF ved søndre landkar kan enkel tilrettelegging, jf. pkt. 3.3.1, gjerast innanfor føremålet «Annan veggrunn».

3.2.7 Kollektivhaldeplass, SKH

Dette er busslommer med ventearreal nord for Esefjorden.

3.2.8 Kombinerte formål for samferdselsanlegg, SKF

- a. Område o_SKF1 er køyrbar gang- og sykkelveg.
- b. Område o_SKF2 er kombinert samferdselsføremål, køyreveg og gang- og sykkelveg på bru. Innanfor område o_SKF2 skal det byggjast ei bru med to-felts køyreveg med breidde 7,5 m og ein 3 m brei gang- og sykkelveg skilt frå køyreveg med rekkverk. Gang- og sykkelveg skal liggje på austsida av køyrevegen. Brua skal ha eit seglingsløp på 15 meter x 37,5 meter. Underkant bru må vere på min. 15,92 moh i heile seglingsløpet si breidde. Inn mot land i nord skal underkant bru vere på min. 3,5 moh.
- c. Lyssetting av brukonstruksjonen skal vere avgrensa og ikkje føre til lysforureining.

3.2.9 Parkeringsplassar

Dette er parkeringsplassar langs den avlasta vegen rundt Esefjorden.

3.3 Grønstruktur (§12-5 nr. 3)

3.3.1 Friområde, GF

Område o_GF er eit friområde som sikrar ålmenta tilgang til fjorden i dette området. Det skal etablerast enkel tilkomst (sti eller trapp) innanfor området. Innanfor området kan det og etablerast anna enkel tilrettelegging knytt til formålet. Slike tiltak skal godkjennast av Sogndal kommune.

3.4 Landbruks- natur- og friluftformål og reindrift

3.4.1 LNFR areal, L

Dette er, i tråd med kommunedelplan, skogsarealet i lia over veganlegget sør for Esefjorden.

3.4.2 LNFR areal for spreidde bustader, fritidsbygningar m.m, LS

Dette er, i tråd med kommunedelplan, arealet over veganlegget nord for Esefjorden.

3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)

3.5.1 Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, VNS

Dette er strandsone i Esefjorden nordvest for brua.

3.5.2 Kombinert formål naturområde i sjø og vassdrag og samferdselsanlegg, o_VAA

- a. I o_VAA1 kan det etablerast pelehovud for fundamentering av bru.

- b. Ved detaljplanlegging og bygging av brua skal det leggest vekt på god estetisk utforming av pelehovuda, og omfanget og storleiken av desse bør avgrensast.
- c. Tiltaka innanfor området skal gjennomførast slik at skadeleg nedslamming av fjordbotn utanfor planområdet blir mest mogleg avgrensa.
- d. Eventuelle tiltak på kommunal vassleidning gjennom området skal godkjennast av Sogndal kommune.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Frisiktsone H140

I området mellom frisiktlinja og køyrebanekant skal det vere fri sikt minst ned til 0,5 meter over nivået til dei tilgrensande vegane. Vegeigar kan krevje sikthindrande element fjerna.

4.1.2 Støysone H220

- a. Innanfor støysone H220 (gul sone) kan det ikkje tillatast etablering av nye støykjenslege bygg, eller bruksendring som gir nytt støykjensleg bruksformål, utan at dei tilrådde grenseverdiane i tabell 2 i T-1442/2021 vert tilfredsstilt.
- b. For eksisterande støykjenslege bustadbygg som får fasadestøy over grenseverdiane i tabell 2 i T-1442/2021 som følgje av planen skal det etablerast støytiltak jf. pkt. 2.2.1.

4.1.3 Ras- og skredfare – H310

- c. Fareområde H310_1 er NVE si faresone for skred hyppigare enn kvart 5000. år
- d. Fareområde H310_2 er NVE si faresone for skred hyppigare enn kvart 1000. år
- e. Fareområde H310_3 er NVE si faresone for skred hyppigare enn kvart 100. år
- f. Fareområde H310_4 er NVE si faresone for kvikkleireskred
- g. Innanfor faresonene er det ikkje tillatt med tiltak utan dokumentasjon på at tryggleik mot ras/skred er ivareteke og at tiltaket ikkje fører til til auka skredfare. I faresone H310_1 kan ein plassere byggverk som har sikkerhetsklasse S3 i samsvar med TEK17. I faresone H310_2 kan ein plassere byggverk som har sikkerhetsklasse S2 i samsvar med TEK17. I faresone H310_3 kan ein plassere byggverk som har sikkerhetsklasse S1 i samsvar med TEK17.

4.2 Særlege omsyn til bevaring av naturmiljø og kulturmiljø (§ 11-8 c)

4.2.1 Bevaring kulturmiljø H570

Områda er ei vidareføring av omsynssoner vist i kommunedelplan. Tiltak i desse sonene skal utformast slik at det vert teke særskild omsyn til kulturmiljø og kulturlandskap i og rundt sona. Før det kan gjevast løyve til tiltak til nye eller vesentleg endring av eksisterande bygningar, skal regionalt kulturminnemynde ha hatt høve til å uttale seg.

4.3 Bandlegging etter energilova H740 (§ 11-8 d)

Det er ikkje tillatt med nye bygningar innanfor omsynssona. Alt anleggsarbeid og alle tiltak i terrenget innanfor omsynssona skal på førehand avklarast med leidningseigar.

5 Føresegner til føresegnsområde 12.7 nr 1

5.1 Føresegner til midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1-#8)

- a. Område merka #1-#8 er avsett til midlertidige bygge- og anleggsområde og kan nyttast som anleggsområde for bru og vegbygging i samband med bygging av bru så lenge anleggsarbeida er i gang. Innanfor desse områda kan det gjerast nødvendige terrengarbeid som for eksempel avdekking av lausmassar og mellomlagring av massar, utbetring av overvassgrøfter, nedsetting av spunt og utskifting/legging av overvass- og drensleidningar, midlertidige anleggsvegar og omkøyringsvegar, samt lagrast/oppstillast materiell og maskiner inkludert brakkerigg og parkering.
- b. Område merka #8 er midlertidig anleggsområde på Esefjorden i samband med bygging av bru. I anleggsperioden skal det takast omsyn til anna ferdsel på fjorden.
- c. Område merka #5 er midlertidig anleggsområde i strandsona nord for Esefjorden ved bygging av veg og ev. mur. Bruken av området skal avgrensast så mykje som mogleg.
- d. For område som skal tilbakeførast til landbruksareal skal dyrkingskvaliteten vere dokumentert før dei kan takast i bruk.
- e. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra og ikkje føre til fare for bebuarar, brukarar og omgjevnader i og ved planområdet. Inngrep skal avgrensast i størst mogleg grad.
- f. Areal til midlertidig bygge og anleggsområde er gyldig til 10 år etter vedtak av detaljreguleringsplanen. Ved ferdigstilling innan den tid skal det gjevast tilbakemelding til planmynde om at midlertidig bygge og anleggsområde kan fjernast frå plankartet.

5.2 Føresegner til vilkår for bruk

- a. Innanfor område merka #10 skal det leggjast til rette for tilkomst og minimum to parkeringsplassar til B6 og gangtilkomst til o_GF.
- b. Innanfor område merka #11 skal det leggjast til rette for tilkomst og minimum to parkeringsplassar for eigedomen 317/6.
- c. Innanfor område merka #12 skal det byggast ein køyrbar tilkomst med minimum same standard som i dag.
- d. Innanfor området merka #13 skal det vere ein gangtilkomst ut mot fjorden som i dag.

6 Rekkjefølgjeføresegner §12.7 nr 10

- a. Opparbeiding av annan veggrunn – grøntareal, skal vere ferdig seinast eitt år etter opning av tilhøyrande strekning av ny veg.
- b. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eitt år etter at det nye anlegget er tatt i bruk, skal midlertidige bygge- og anleggsområde vere sett i stand slik dei var før inngrepet, jf. pkt. 5.1.
- c. Det skal etablerast enkel tilkomst (sti eller trapp) innanfor området o_GF seinast eitt år etter opning av brua, jf. pkt.3.2.1. Andre tilkomst, jf. pkt. 5.2, skal ferdigstillast seinast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.
- d. Areal til køyrbar tilkomst, parkering og gangtilkomst i føresegnsområde #10 – 12 skal ferdigstillast seinast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.

- e. Gang- og sykkelveggar skal ferdigstillast seinast samtidig med tilhøyrande strekning av ny veg.
- f. Lokale støytiltak jf. pkt. 2.2.1 a skal vere utført seinast samtidig med at nytt veganlegg vert tatt i bruk, såframt grunneigar godtar etablering av støytiltaket på sin eigedom.
- g. Seinast ved anleggsstart skal det ligge føre ein plan for handtering av byggje- og anleggsstøy ved eventuelle overskridingar av grenseverdiane, i samsvar med retningslinje T-1442/2021 kapittel 6.2, jf. pkt. 2.2.1 b.
- h. Nærare oppfølging av omsynet til sone H310_4 skal avklarast før bygging av tiltaket startar. Jf. pkt. 5.1 a kan sikring av sona vere aktuelt.